

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
035	Knut Øyjordet	12.02.20	4/20

## PRISAR PÅ UMLEIGE AV FJELLSTYREHYTTENE

### *Saksdokument:*

1. Sak 27/16 i fjellstyret.
2. E-post frå Ola Halvorsen av 10.02.20 til fjellstyret (vart lagt fram direkte i møtet).

### *Saksutgreiing og vurdering:*

I spørsmål om utleige av fjellstyrehyttene og leigeprisar frå 2017, vedtok fjellstyret i sak 27/16:

*Fjellstyret vidarefører ordninga med utleige av Vågåbue, Bessvassbue, Gjendeosbue, Vargebue, "gjetarhytta" ved Nedre Leirungen og Forsthytta etter følgjande retningsliner:*

- *Vågåbue, Bessvassbue og Gjendeosbue blir primært stilt til disposisjon for innanbygds. "Gjetarhytta", Vargebue og Forsthytta blir leigd ut både til innan- og utanbygdsbuande, og blir utleigd ved bruk av Inatur.*
- *Frå 15. juli blir Vågåbue, Bessvassbue og Gjendeosbue leigd ut for to og to døgn og med ein søknadsfrist (15. juni). Tildeling skjer om nødvendig ved loddtrekning. I periodar når pågangen er mindre, blir hyttene leigd ut til dei som melder seg fyrst, og kan bli leigd ut for fleire døgn om gongen. Dei som søkjer tre veker før aktuell tid har fortrinnsrett. Dersom det er stor pågang for påska og vinterferien, blir hyttene tildelt for fem døgn om gongen og etter loddtrekning.*
- *Prisar (inkl. moms) er følgjande og gjeld frå 2017 og inntil vidare:*
  - Vågåbue kr. 350,-.*
  - Bessvassbue kr. 400,-.*
  - Gjendeosbue kr. 400,-.*
  - Vargebue kr. 350,- (kr. 500,- for utanbygds).*
  - Gjetarhytta kr. 350,- (kr. 500 for utanbygds).*
  - Forsthytta kr. 400,- (kr. 500,- for utanbygds).*

Bessvassbue, Vågåbue og Gjendeosbue blir leigd ut berre til innanbygds, og blir mest brukt i samband med fising. Bua ved Nedre Leirungen vart ferdig renovert i 2019. Leirungsdalen beitelag disponerer denne bua i døgn ved «beiteslepp» og døgn på hausten når det er hovedsank, samt inntil 10 døgn i tillegg i sommarhalvåret. Både denne bua, Vargebue og Forsthytta er lagt ut for «booking» på Inatur. Leigeprisane er generelt låge samanlikna med pris som m.a. andre fjellstyre nyttar i distriktet. Det er 12 % meirverdiavgift på hytteutleige.

### **Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret vedtek følgjande prisar (inkl. moms) på utleige av fjellstyrehyttene frå 2020 og inntil vidare:

Vågåbue kr. 400,-.

Bessvassbue kr. 450,-.

Gjendeosbue kr. 500,-.

Vargebue kr. 400,- (kr. 500,- for utanbygds).  
Bu Nedre Leirungen kr. 400,- (kr. 550 for utanbygds).  
Forsthytta kr. 450,- (kr. 600,- for utanbygds).

Fjellstyret vidarefører retningsliner for utleige av buene etter tidlegare vedtak. Det blir opna for eventuelt å opprette ei nettbasert ordning for innanbygds også for «booking» av Vågåbue, Bessvassbue og Gjendeosbue.

**Vedtak:**

Samrøystes: Fjellstyret vedtek følgjande prisar (inkl. moms) på utleige av fjellstyrehyttene frå 2020 og inntil vidare:

Vågåbue kr. 400,-.

Bessvassbue kr. 450,-.

Gjendeosbue kr. 500,-.

Vargebue kr. 400,- (kr. 500,- for utanbygds).

Bu Nedre Leirungen kr. 400,- (kr. 550 for utanbygds).

Forsthytta kr. 450,- (kr. 600,- for utanbygds).

Fjellstyret ser på retningsliner for utleige av buene på neste møte. Det blir arbeid for eventuelt å opprette ei nettbasert ordning for innanbygds også for «booking» av Vågåbue, Bessvassbue og Gjendeosbue.

*Rett utskrift.*

*Kopi til:*

Ola Halvorsen

Vågåmo, 13.02.20

Knut Øyjordet (e.f)